



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



tru

håp



### Kjære 7 åring!

- Vi inviterer deg til Holesanden, for å vere med på ei aldri så lita leiroppleving! Leirdag eller leirdøgn, det bestemmer du sjølv.

kjærleik




DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

[www.hareid.kyrkja.no](http://www.hareid.kyrkja.no)



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

[www.kyrkja.no/storstavalt](http://www.kyrkja.no/storstavalt)

KUL (kyrkjeleg undervisning og læring) 7 ÅR

Haust 2025

“Kong David og vi”  
Hareid Kyrkjelyd



## Kjære føresette til ein 7 åring

Trusopplæringa i kyrkja vil gjerne invitere til leir-oppleving for 7 åringen din 23.-24.august.

Vi har leigd Holesandhytta i Snipsøyrdalen slik at vi kan vere saman frå laurdag ettermiddag 23.aug., med høve til overnatting for dei som vil det. Den som ikkje vil overnatte kan reise heim og kome tilbake søndag morgon.

Frukost kl.08.30

Så skal vi saman med mange andre, delta på gudstenesta på Alskleiva.

Vi tek turen frå Holesanden til Alskleiva som ei pilgrimsvandring med ulikt innhald undervegs.

### Du treng å ha med deg dette:

- Sovepose/pute (der er madrasser)
  - Toalettsaker
  - Kle til å vere ute og inne som passar veret
  - Sko eller støvlar til å gå på Alskleiva
  - Ein liten tursekk til pilgrimsvandringa
- Det er IKKJE LOV å ha med mobiltelefon eller mobilklokke.



Vi ordnar med mat og drikke.

Viktig å få melding om ev.allergiar osv.

Det er heilt ok å ha med seg ein vaksen på denne samlinga! Det kan vere eldre sysken (over 15 år), tante/onkel, besteforeldre eller foreldre, men då vil vi ha melding om det i god tid på førehand.

## Kva skal vi gjere

Vi møtest laurdag kl.15.00 på Holesanden.

Først skal vi bli litt kjent med kvarandre, leike litt ute og så skal vi gjennom fortelling, leik og forming, lære historia om Kong David frå Bibelen.

Laurdag blir det eit brødmåltid ca.kl.17, og før vi legg oss, skal vi grille pølser ute. Leggetid kl.21.30

## GUDSTENESTE SØNDAG

24.aug.er det tradisjonen tru gudsteneste på Alskleiva kl.12.00

Alle som vil, kan delta på gudstenesta, og kan gjerne gå saman med oss frå Holesanden ca.kl.09.30.

Vi brukar lang tid og tek det som ei lita pilgrimsvandring med innlagde postar.

7 åringane skal delta med song på gudstenesta.

Etter gudstenesta vert det sal av mat på Holesanden, for dei som ynskjer det.

**Betal kr.200,- til kontonr.4213.40.35026 og påmeldinga er bindande. Merk med namnet til barnet!**

### Påmelding er nødvendig innan 21.august

til eit at desse alternativa:

Hareid kyrkjekontor: 70 09 51 30 / sms: 920 90 174

e-post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

## Påmelding - KUL 7 år

Det er veldig flott om påmeldinga kan kome seinast 21.aug.

Det kan gjerne gjerast på telefon 70 09 51 30 eller SMS 920 90 174.

Svarslippen kan sendast i posten, leverast på kyrkjekontoret

- Som føresett vil eg at .....
- skal vere med på denne samlinga.
  - Som føresett tillet eg at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.
- Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbyte av samlinga kan de notere det her: .....

Kontakttelefon

Underskrift føresatt